



ESSAY | Sjølvdisiplin er vegen til lukke for Agnes Ravatn. | SIDE 20–21

FRI VEKEAVIS  
FOR KULTUR  
OG POLITIKK

A-AVIS

KOMMENTAR | SIDE 2–3

For å få ein varig atomavtale med Iran har president Barack Obama sett tilhøvet til Saudi-Arabia på spel, skriv Asgeir Ueland.

# DAG OG TID

NR. 49

6.–12. DESEMBER 2013

52. ÅRGANG

KR 45,-

INTERVJU | SIDE 8–9

**Innvandring.** Ein velferdsstat kan ikkje overleva innvandringsbylgja, seier den amerikanske forfattaren Christopher Caldwell.

DOKUMENTAR | SIDE 16

**Overlevar.** Shoah-regissøren Clauce Lanzmann har laga film om den siste overlevande jøderådsleiaren i Theresienstadt-ghettoen.

SALMAR | SIDE 24–25

«Det skortar på både språk og poesi.»

KJELL ARILD POLLESTAD OM SALMEBOKA



MELDINGAR | SIDE 27

**Gripande.** Sigrun Slapgard har skrive ein sterk roman om dei tyngste røynslene og viktigaste spørsmåla i menneskelivet.

SKULE | SIDE 7

**Pisa igjen.** Matematikklærarane i ungdomsskulen er dårlege. Dei kan ikkje faget dei underviser i, seier lektor Karl-Eirik Kval.

# Vil stogge oljesmørjinga



**FØRE VAR:** Det er uetisk at forskarar bidreg til å forlengje oljealderen, meiner professor Peter M. Haugan. Han vil ha slutt på Statoil-sponsa vitskap.

ETIKK | SIDE 4–5



Illustrasjonsfoto: NTB scanpix

ISSN 0803-3340



9 770803 334015

# Til kamp mot olje

## Er det etisk forsvarleg å forske for å utvinne olje som det kanskje ikkje er etisk forsvarleg å brenne?

### FORSKING

PER ANDERS TODAL  
peranders@dagogtid.no

Pengar luktar ikkje, hevda keisar Vespasian i Roma. Men kva når det er snakk om oljepengar som går til offentleg oljeforskning?

– Eg meiner at det ikkje er etisk forsvarleg å drive forskning som bidreg til meir petroleumsutvinning, seier Peter M. Haugan. Han har starta noko som liknar eit felttog mot Statoil-sponsa forskning ved norske universitet.

Dei fleste av oss vegrar seg for å bite den handa som matar oss – eller kan kome til å mate oss i framtida. Men Haugan er visst eit unnatak. Han er professor og tidlegare instituttleiar for Geofysisk institutt ved Universitetet i Bergen (UiB) og ein av Noregs mest erfarne forskarar på CO<sub>2</sub>-deponering. Haugan er òg medlem av styret ved UiB og har reist sterk kritikk mot Statoils nye samarbeidsavtale med universitetet som vart undertekna i haust.

Avtalen gjev UiB 55 millionar kroner frå Statoil over fem år. Pengane skal mellom anna brukast til å forske på korleis ein kan auke petroleumsutvinninga, og på utvinning av gasshydrat, ei anna fossil energikjelde.

### UTVIDAR ETIKKEN

I mars starta Haugan ein debatt om avtalen i internavisa På Høyden, og ordskiftet pågår framleis. Norske forskarar bør utvide den etiske diskusjonen sin, meiner Haugan.

– Som forskarar skal vi bidra til ei berekraftig utvikling. Det

å forske for å auke petroleumsutvinninga og å forlengje fossilalderen bidreg definitivt ikkje til ei berekraftig utvikling. Vi har allereie funne større fossile ressursar enn vi kan brenne opp, om vi skal halde den globale oppvarminga under to gradar.

### – FØRE VAR

I dei etiske retningslinene for norsk naturvitskap heiter det mellom anna: «Når menneskelige aktiviteter kan føre til moralsk

– Eg opplever rektor som interessert i å diskutere dette, og det er saklege poeng han tek opp. Men eg meiner altså det er uheldig med ein avtale som inneber at UiB skal bidra til å auke oljeproduksjonen.

### 300 STATOIL-MILLIONAR

Haugan har ikkje berre kritisert avtalen mellom Statoil og UiB, men det omfattande samarbeidet mellom Statoil og norske forskingsinstitusjonar i det



– Å forske for å auke petroleumsutvinninga bidreg definitivt ikkje til ei berekraftig utvikling.

Peter M. Haugan, professor i geofysikk

uakseptabel skade som er vitenskapelig rimelig, men usikker, skal man foreta handlinger for å unngå eller minske slik skade.»

Ut frå dagens kunnskap om samanhengen mellom fossil energi og klimaendringar, talar dette for å avgrense forskinga på oljeutvinning, meiner Haugan. Til Forskerforum sa han nyleg: «Forskning med det føremålet å auke oljeutvinninga må vere svært vanskeleg å sameine med føre-var-prinsippet. Om prinsippa våre ikkje skal brukast i dette tilfellet, kva tid skal dei då brukast? Er dei berre til pynt?»

– Når forskarar snakkar om etikk, handlar det mest om bioetikk, genmodifisert mat, dyreforsøk og slikt. Men vi har eit stort samfunnsansvar ut over dette. Vi skal ikkje berre svare på spørsmåla som blir stilte av samfunnet, vi må òg sjå på korleis forskinga vår blir brukt. Det er svært lite forskning som er verdinøytral, og i naturvitskapane er det altfor lite diskusjon av etikk.

– Rolla til forskinga blir stadig viktigare for oljeselskapa: Den oljen som er att, er teknisk meir krevjande å få opp?

– Det er rett. Og auka utvinning frå eksisterande felt er i seg sjølv problematisk, fordi det krev meir energi og dermed ureinar meir i prosessen.

– Rektor Dag Rune Olsen ved UiB har svara deg ved å vise til at berekraftomgrepet ikkje berre omfattar miljø, men også økonomisk og sosial utvikling.

heile. Alle dei store norske universiteta har omfattande avtalar med Statoil, selskapet er tungt involvert i energiprogramma til Forskringsrådet, og Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA) har i mange år samarbeidd med Statoil om grunnforskningsprogrammet Vista. Sidan 1985 har akademiet fått nær 300 millionar kroner frå Statoil, pengar som har finansiert fleire professorat og ei mengd doktorgradar.

«Oljestyrt energiforskning er et etisk problem», skreiv Haugan nyleg i eit innlegg saman med professor Gunnar Kvåle i Dagens Næringsliv. Dei hevda slikt samarbeid hjelper Statoil til å få «aksept for klart helse- og miljøskadelig virksomhet, som oljesandutvinningen i Canada», og retta krass kritikk mot vitskapsakademiet: «Ved å fokusere på teknologi og metoder for økt fremtidig oljeproduksjon gir DNVA et aktivt bidrag til å forlenge fossilalderen», skreiv Haugan og Kvåle.

### SKUFFA OVER AKADEMIET

– Du fekk svar frå Kirsti Strøm Bull og Nils Chr. Stenseth i akademiet – dei meiner at forskarsamfunnet har plikt til å forske på oljeutvinning så lenge vi har oljeproduksjon?

– Svara deira var skuffande, eg hadde venta noko grundigare frå så framstående forskarar. Dei går ikkje inn på problemstillinga og sit så fast i bindingane som ligg i dagens situasjon at dei ikkje orkar å diskutere dette prinsipi-



Statoil er ikkje berre eit stort oljeselskap, men òg ein stor forskingsaktør i Noreg. Her presenterer Statoil-å auke utvinningsprosenten. Foto: NTB scanpix

elt. Dei seier i praksis berre dette: «Vi tener så mykje på oljen at det er etisk å forske på oljeutvinning.»

– Kor tett samannovne er Vitskaps-Noreg og Petroleums-Noreg?

– Veldig tett. Det gjeld særleg teknologiforskinga, men òg naturvitskapleg forskning meir generelt. Ein stor del av inntektene til norske forskingsinstitusjonar og universitet kjem direkte eller indirekte frå petroleumsverksemda.

– Store delar av dei statlege

forskningsmidlane stammar òg opphavleg frå olje- og gassinntektene. Det er ikkje så lett å halde stien sin rein for olje i eit land som Noreg?

– Det er sant, men det er ikkje nokon grunn til at vi ikkje skal tenkje framtidiretta. At Noreg har tent mykje på oljen, er ikkje eit argument for at vi må halde fram med det.

### SYG OPP TALENTA

Den store pengetilgangen i petroleumsforskinga dreg til seg svært

# smurd forskning



Prof Helge Lund planane for eit stor forskingssenter i Trondheim i 2012. Senteret skal forske på metodar for

## Ser ikkje det etiske problemet

– Korleis kan det vere uetisk å forske på oljen, når vi alle lever av han, spør Kirsti Strøm Bull, preses i Vitskapsakademiet.

**P**roblemstillinga som Peter M. Haugan reiser om norsk petroleumsforskning, er litt underleg, meiner Kirsti Strøm Bull, preses i Det Norske Videnskaps-Akademi.

– Vi lever alle av oljeformuen i ein viss forstand. Det er på grunn av oljen at Noreg går så bra som det gjer. Når vi så til dei gradar lever av denne verksemda, har eg vanskeleg for å sjå at det er uetisk å ha eit samarbeid med Statoil om grunnforskning.

– Men det faktum at petroleumsverksemda har gjort Noreg rikt, er i seg sjølv ikkje prov på at verksemda er etisk forsvarleg eller berekraftig?

– Det kan så vere, men det er ein annan diskusjon. Haugan og Kvåle koplar forskingspengar frå Statoil berre til det å hente opp meir olje. Men Vista-programmet er grunnforskning som er til glede for meir enn olje- og gassverksemda. Pengane går til forskning innanfor bioteknologi, miljø og geologi og geofysikk. Det er ingen føringar som seier at forskinga skal kome berre Statoil til gode. Alle resultatata blir publiserte i internasjonale tidsskrift.

– Men er det etisk forsvarleg drive forskning for auka utvinning og å forlenge oljealderen, med det vi veit om trugsmålet frå klimaendringane?

– Det er ein mykje større diskusjon. Universiteta forskar på mange energiformer. Men så lenge vi ikkje har energikjelder som kan erstatte olje og gass i dag, er det underleg at vi ikkje skal forske på det.

– Det er alt funne større fos-

sile ressursar enn vi kan bruke opp. Da kan ein hevde det er etisk uforsvarleg å forske for å gjere enda større fossile ressursar tilgjengelege?

– Eg er ikkje usamd i det. Men vi kan jo tenkje oss at vi får fram forskning som bidreg til å løyse utsløppsproblemet. Alle kan vi ønskje at vi blir uavhengige av olje, men ingenting tyder på det i dag, seier Kirsti Strøm Bull.



Preses Kirsti Strøm Bull forsvarer Statoil-samarbeidet. Foto: Eirik Furu Baardsen

## Store pengar til forskinga

Statoil er den klart største private bidragsytaren til norsk forskning. Det er ikkje lett å takke nei til ein donor i hundremillionarsklassen.

**G**jennom fleire tiår har Statoil vore den største sponsoren av forskning i Noreg, eit land der næringslivet generelt brukar lite på forskning og utvikling. Kvart år gjev Statoil store beløp til norske universitet, Forskingsrådet og Det Norske Videnskaps-Akademi, og det meste går naturleg nok til petroleumsforskning.

Vista-programmet, eit samarbeid med vitskapsakademiet, er den største einskildavtalen Statoil har med norsk forskning. Programmet tok til i 1985, og Statoil har til no brukt nærare 300 millionar kroner på Vista. I november vart ein ny femårsavtale inngått. 20 millionar i året

skal gå til petroleumsrelatert grunnforskning, administrert av vitskapsakademiet.

Dei fleste norske universiteta har eigne samarbeidsavtalar med Statoil. Universitetet i Bergen underskreiv i haust ein ny avtale med Statoil verd 55 millionar over fem år. NTNU inngjekk i 2009 ein avtale med Statoil verd 20 millionar i året over fem år. Same år fekk Statoil ein like stor avtale med Universitetet i Oslo. Universitetet i Stavanger inngjekk i haust ein femårsavtale med Statoilverd seks millionar i året. I tillegg til desse avtalane kjem ei rekkje mindre Statoil-samarbeid ved universitet og høyskular.

Statoil påverkar òg prioriteringane i norsk vitskap gjennom Forskingsrådet. I 2009 skreiv Morgenbladet at programstyra i tre av Forskingsrådets sju største forskingsprogram var leidde av ein representant frå daverande StatoilHydro. I dag er Per Gerhard Grini frå Statoil styreleiar i Petromaks 2, eit stort program for petroleumsforskning. Statoil er i tillegg representert i fire andre programstyre hos Forskingsrådet. Sidan 1997 har Statoil hatt leiaransvar for 65 forskingsprosjekt gjennom Forskingsrådet, og vore konsortiedeltakar i 153 prosjekt.

mange av dei beste forskarane, meiner Haugan. Dermed blir det færre talent til å forske på fornybar energi.

– Når det er så mykje pengar i olje og gass, er det freistande å søkje seg dit for ein forskar i relevante fag. Det er mykje enklare å få seg ein god forskarkarriere der enn i fornybar.

– Men i samarbeidsavtalane Statoil har med universiteta, blir det som regel understreka at det er full fagleg fridom?

– Da er det synd at UiB har valt

å satse på å forske på auka oljeutvinning i avtalen sin med Statoil. Eg vil streke under at det ikkje er Statoil eg kritiserer her, det er UiBs prioriteringar. Om vi ikkje endrar profilen i denne avtalen, kan ein spørje seg om det ikkje vil føre til eit omdømetap for UiB å samarbeide med Statoil, seier Haugan.

Dag og Tid bad informasjonsdirektør Jannik Lindbæk jr. i Statoil om ein kommentar til denne saka, men fekk ikkje svar innan fristen.